

UTVIKLINGSPLAN

FOSSHAUGANE CAMPUS 2.0



INNHOLD

1.	Føreord	3
2.	Visjonar og mål	4
	Visjonar og mål for Fosshaugane Campus	4
3.	Bakgrunnen for campusplanarbeidet	5
	Fosshaugane i utvikling som stemne-, skule- og idrettsplass:	6
	Verksemder på Fosshaugane Campus	8
	Forsking og undervisning på Fosshaugane	8
	Sogndalsmodellen - grunnlag for eit innovativt miljø	9
	Studentmiljø og sosial profil	11
	Idrett og friluftsliv	13
4.	Utvikling av uH-sektoren og behovet for campusplanar	14
5.	Mål, organisering og prosess for campusplanarbeidet	16
	Målsetjing for campusplanarbeidet	16
	Organisering	16
	Prosess	17
6.	Fosshaugane – eigarskap, aktørar og aktivitetar	18
	Eigarar og festarar	19
	Leidgetakrar hjå Sogndal Fotball og sognahallen A/S	20
7.	Fosshaugane i Sogndal	21
	Utvikling i Sogndal mot 2040	21
	Planstatus	23
	Stadanalyse av Sogndal	28
8.	Dagens Fosshaugane Campus – analysar og arbeidsgrupper	31
	Stadanalyse Fosshaugane - Rambøll AS	31
	Nytteanalyse («Brukbarhetsanalyse») – Narud Stokke Wiig as	33
	Reisevaneundersøking – Urbanet Analyse	37
	Identifiserte behov frå arbeidsgrupper	39

9.	Ymse utviklingsretningar («Muligheter») - forslag til Plan og strategidokument – Rodeo Arkitekter....	46
	Analyse av området og forslag til målsetjingar og strategi for utvikling	46
	Forslag til strategiar	47
10.	Handlingsplan	63
11.	Vedlegg	66



1. FØREORD

Fosshaugane Campus har vore i ei rivande utvikling dei siste 15 åra. Store utbyggingar har vorte gjennomførte av både Statsbygg, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Sogndal Fotball AS og Sogndal kommune. I dag har 700 tilsette og 3 200 studentar og elevar sitt daglege virke på Fosshaugane Campus. Etablerte verksemder har hatt vekst i sysselsetjing og produksjon, og nye verksemder har kome til.

Partane på Fosshaugane Campus ønskjer med denne campusplanen å staka ut retninga for dei komande 30 åra når det gjeld utviklinga på Fosshaugane Campus. Planen presenterer kortsiktige og langsiktige tiltak for å sikra at området framleis står fram som eit sterkt nasjonalt undervisnings-, forskings- og innovasjonsmiljø

Konkuransen om studentar og høgt kvalifisert arbeidskraft er aukande. For Fosshaugane Campus er det viktig å møte desse utfordringane med ulike verkemiddel, der satsing på samlokalisering, samarbeid og innovasjon står sentralt.

Eit viktig grep for å møte konkurransen og sikre dei beste vilkåra for elevar, studentar og tilsette, er å vidareutvikle campus med tanke på fysiske og bygningsmessige kvalitetar, læringsmessige tilbod og kulturelle og sosiale aktivitetar på og i nærleiken av campus.

Campusutviklingsplanen er ein del av prosjektet "campusutvikling", som Statsbygg har fått ansvaret for. Det vert mellom anna fokusert på korleis det kan utarbeidast utviklingsplanar for universitets- og høgskulesektoren i samarbeid med ulike offentlige og private aktørar. Arbeidet er forankra i Stortingsmelding 18 (2014-15) *Konsentrasjon for kvalitet- strukturreform i universitets- og høyskolesektoren*, der departementet ber om at alle statlege universitets- og høgskular utarbeidar overordna planar for utvikling av bygningsmassa og effektiv bruk av eksisterande og nye campusar.

Denne campusplanen er eit resultat av eit nært samarbeid mellom Høgskulen i Sogn og Fjordane, Statsbygg, Sogndal kommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sogndal Fotball. Desse partane har og vore i styringsgruppa for arbeidet med planen. Campusplanen er eit levande og dynamisk dokument som vil verte rullert og tilpassa nye behov. Planen er ikkje handsama i fylkestinget eller i kommunestyret eller i andre vedtaksføre organ hjå samarbeidspartane. Planen gjev eit godt grunnlag for det vidare samarbeidet mellom partane på Fosshaugane Campus og for formelle avgjerder som partane skal gjera i framtida.

Statsbygg



Torbjørn Nævdal

Sogndal kommune



Jostein Aanestad

Sogn og Fjordane
fylkeskommune



Jan Tore Rosenlund

Sogndal Fotball



Yngve Hallén

Høgskulen i
Sogn og
Fjordane



Rasmus Stokke

2. VISJONAR OG MÅL

VISJONAR OG MÅL FOR FOSSHAGANE CAMPUS

På Fosshaugane Campus skal vi halde fram med å skape det beste kompetansemiljøet i Noreg. Det handlar om:

- kunnskapsbasert utvikling som ivaretak etiske, miljømessige og økonomiske omsyn
- å gje ungdom og vaksne lyst til å lære av kvarandre
- å gje regionen lyst til utvikling
- å ha entreprenørskap som kjerneverdi
- å vere tilgjengeleg – allmenningen 24/7
- å vere ein del av Sogndal – med eigen karakter
- Sogndalsmodellen
- framtida til fylket
- næringsvit

Målet er å byggje vidare på samspelet mellom intellektuell og sosial utvikling, mellom entreprenørskap og ungdommeleg pågangsmot, mellom det profesjonelle og det frivillige.

I denne smeltedigelen skal skule, idrett, friluftsliv, kompetanseverksemder og gründarar ha fokus på samhandling for å skape vekst for den enkelte og for fellesskapet.

Fosshaugane Campus skal vere eit fyrtårn i regionen, som tek ansvar langt ut over eigen kommune og region. Fellesskapet skal gje grunnlag for samarbeid på mange områder, som:

- Kompetanseutvikling
- Utdanning, forsking og innovasjon
- Omdøme, marknadsføring og rekruttering
- Nettverk og møteplassar
- Arrangør- og prosjektkompetanse
- Arealeffektive og funksjonelle lokale
- Fokus på miljø, og ambisjon om 0-utslepp og eigenprodusert energi.
- Digitale løysingar
- Effektiv drift

Eigargruppa skal ta ein strategisk posisjon på vegner av fellesskapet, i regionen, nasjonalt og internasjonalt.

3. BAKGRUNNEN FOR CAMPUSPLANARBEIDET

I Norge har kvalitet i utdanning og forsking, fram til no, hovudsakleg handla om studietilbod, tilbodet av lærarkrefter, forskingsmidlar og fasilitetar. Bygg som innsatsfaktor i undervisning og forsking har ikkje stått høgast på dagsordenen. Dermed har heller ikkje campus, som potensiell konkurransefordel i kampen om studentane og dei beste forskarane, vore i fokus. Fokuset på studiestadens materielle og sosiokulturelle tilbod frå studentar, forskarar og tilsette si side er i sterk endring her i Norge, og er ein trend som vi ser over heile Europa.

Statsbygg har sidan 2008 jobba med campusplanar for høgskule- og universitetsområde over heile landet med ein ambisjon om å vera i fronten av utviklinga og dermed ivareta kundane sine behov og tilby det kundane etterspør.

Forslaget om å laga ein campusplan for Fosshaugane vart drøfta i eigargruppa våren 2014 og vedteke sett i gang hausten 2014. Intensjonen med arbeidet er å finna utvegar for auka samarbeid og aktivitet mellom eigarane i området der målet er å optimalisera dei ressursane som finst og å laga eit Fosshaugane Campus 2.0.

Fosshaugane Campus er eit meir samansett område enn andre campusområde Statsbygg har utarbeidd planar for. Sogndal har tradisjon for tett kontakt mellom kommunen og dei ulike utdanningsnivåa frå barneskule til høgskule, forsking, næringsliv, gründerverksemد og idrettsmiljøet. Samarbeidet mellom aktørane går føre seg både formelt og uformelt.

Campusplanen for Fosshaugane har hatt som mål å identifisera korleis det bygd miljøet legg til rette for og hjelper fram aktivitetar på Fosshaugane, og kva som er til hinder for ønskt aktivitet i dei fysiske omgjevnadene og dei organisatoriske eigarstrukturane.

Fosshaugane Campus har på si nettside følgjande målsetjing for området som heilskap:

«Målet med Fosshaugane Campus var å skape det beste utviklingsmiljøet i Noreg ved å:

- *gje ungdom og vaksne lyst til å lære av kvarandre*
- *gje regionen lyst til utvikling*
- *gjere entreprenørskap til ein kjerneverdi*
- *fokusere på framtida til fylket*
- *fokusere på næringsvit*

Samlokalisering av idrett, undervisning og forsking har gitt inspirasjon til nye aktivitetar og nye bedrifter. Kombinasjonen av idrett, mosjon, fysisk fostring, helse og IKT har eit stort potensial for næringsutvikling. Fosshaugane Campus har utvikla seg til å bli eit skapande og dynamisk miljø der idear ynglar og initiativ raskt vert sette ut i livet.»

Sogndal kommune skipa i 2001 ei styringsgruppe for utvikling av Fosshauganeområdet. Denne gruppa arbeidde også med profilering, mellom anna gjennom eit eige utviklingsprosjekt leia av Bruno Oldani. Som ein del av denne profileringsprosessen vedtok styringsgruppa namnet Fosshaugane Campus i 2003.

FOSSHAGANE I UTVIKLING SOM STEMNE-, SKULE- OG IDRETTSPASS:

Frå tidleg på 1930-talet tok Fosshaugane til å endra seg frå søndagsturområde til «dryske» og marknadslass. Slik sett har Fosshaugane ei historie som samlingsstad og utstillingslass for sogndølar og andre i Indre Sogn. Ungane brukte delar av området som fotballbane når det ikkje var sesong for utstillingar. I 1935/36 fekk Sogndal Idrettslag avtale om å byggja opp ei fotball- og friidrettsbane i den sørlege enden av noverande idrettspass. I 1939 vart det vedteke å arbeida opp ein utstillingslass. Dessutan vart det bygd eit dommarhus for dyrskuen. Ein stor utstillingslass måtte ha betre tilkomst enn opp gjennom Guridalen, og veg over Lunnamyrivegen vart provisorisk etablert i 1939; men større idretts- og utstillingsaktivitet gjorde at denne vegen i 1945, vart etablert som bilveg. Parallelt med dette hadde Sogndal Herad inngått avtale med Karl Foss om å sökja om oreigning for ca. 20 mål til å byggja Sogn Gymnas og Realskule ved sida av idrettsbana. Høgdedraget, med tørr sand og grus i grunnen og fint utsyn mot fjorden i sør, vart rekna som den laglegaste plassen for formålet idrett og skule. Side om side med anlegga låg areal for dyr, sidan landbruksdirektøren formelt hadde vedteke at Fosshaugane skulle vera utstillingsplassen til Sogndal.



Flyfoto over Fosshaugane 1954.

Til venstre for bana ser me dommarhuset, ned mot Guridalen ligg klubbuset til fotballaget, til venstre for dei store utstillingsstallane.

Eigar: Telemark Flyfoto/Johan Ottesen.

Idrettslaget hadde økonomiske utfordringar i etableringa, men fekk ved hjelp av tippemidlar i 1949-1950 også bygd opp tribuneanlegget på langsida av løpebana. Frå 1950-talet vart fotballmiljøet i Sogndal stadig betre og interessa for fotballkampar på Fosshaugane auka, og det vart behov for utvidingar.

På 1960-talet vart det trонge forhold for utstillingsaktivitetane og dette må vika for planar om gymnas. Sogndal kommune ville tilby staten tomt for bygging av lærarskule på Fosshaugane. Med utgangspunkt i lærarmangel vart det omkring 1960 arbeidd for å etablira lærarutdanning i Sogn og Fjordane. Mot det sentrale utdanningsbyråkratiet sin vilje vann politiske krefter etter kvart fram, og det vart etablert desentraliserte klassar underlagt Høgskulen i Volda frå 1963. Gjennombrotet for Sogndal sin plass på Norgeskartet over høgare utdanning kom med etableringa av Sogndal lærarhøgskule i 1972. Det skjedde etter seig politisk kamp der Kjell Bondevik spela ei sentral rolle. Dei midlertidige brakkene som skulle husa den nye lærarutdanninga (Guridalsbygget), vart oppførte i 1972 og er framleis i bruk. Guristova vart bygd i 1982.

I første forslag til reguleringsplan for Fosshaugane, som var på høyring i 1962 – eit område på 108 daa, hadde ein plassert nytt gymnasbygg midt i det beste området for friidrett. Det vart store konfliktar mellom kommunen og idrettsmiljøet på Fosshaugane sidan dei hadde bruksrett til området. Dei kom til semje mot at Sogndal sikra nytt areal til konkurranseidrett med ny tribune. Samtidig vart det planlagt yrkesskule, og denne vart bygd på den andre sida av idrettsbana på eit område der skulen ikkje var til hinder for idrettsaktivitetane. Dette bygget stod klart i 1966. Gymnasbygget var ferdig året før. På 1970 - talet vart skuleverksemda ytterlegare utvida på Fosshaugane med yrkesskule for handel og kontor (Sogndal Handelsskule) som opna i 1974.



*Bygget til Sogndal gymnas slik det såg ut i 1965.
Biletet er utlånt av administrasjonen ved Sogndal vidaregåande skule.*



*Sogndal yrkesskule for handel og kontor - populært kalla Handelsskulen.
Biletet er utlånt av administrasjonen ved Sogndal vidaregåande skule.*



*Sogndal yrkesskule 1967.
Biletet er utlånt av administrasjonen ved Sogndal vidaregåande skule.*

Eit cupeventyr i 1976 var kimen til dagens stadionanlegg. Utan bragda til Sogndal Fotball den gongen hadde neppe Fosshaugane stadion blitt til det vi ser i dag. Tanken bak Fosshaugane Campus byrja tidleg på 1990-talet. Høgskulen i Sogn og Fjordane ved Statsbygg kjøpte Fossbygget frå Lerum fabrikker, bygde det om og flytta vesentlege delar av aktiviteten frå Fjøra til Fossbygget i 1995. Dermed var grunnlaget lagt for ei samling av høgskuleverksemda i Sogndal til Fosshauganeområdet. Sogndal Fotball sin suksess førte til strengare lisenskrav frå fotballforbundet om utbygging av fasilitetar. Kloke hovud fann ut at det måtte vera noko meir knytt til stadion enn berre det som skjedde på matta; men å byggja så stort som ein såg føre seg, var eit for stort løft for fotballen å ta åleine. SIL måtte ha andre med på laget, og fekk med Høgskulen i Sogn og Fjordane, Sogndal kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune. I 1998 stod Sognahallen ferdig og seinare vart Fosshaugane Campus lansert og offisielt etablert 7. juli 2006.

Sogndal ungdomsskule vart bygd ca. 1970 og vart seinare Kvåle skule i 2004 og utvida i 2011 med grunnskule frå 5. til 10. klasse.

I 2012 stod Høgskulebygget klart, og batt dermed saman Fossbygget og stadionanlegget. Den førebels siste utbygginga på Fosshaugane er utviding av Sogndal vidaregåande skule som no er i gang. I 2014 gjorde Statsbygg avtale med fylkeskommunen om kjøp av Gymnasbygget, som vert ombygd og overteke av Høgskulen i Sogn og Fjordane sommaren 2017.

VERKSEMDER PÅ FOSSHAUGANE CAMPUS

Fosshaugane Campus er i dag eit kompetansemiljø i vekst med ca. 52 000 kvm. og der 3 000 menneske kjem innom kvar dag i ein kommune på 7 900 innbyggjarar.

Verksemduene på Fosshaugane er i dag følgjande:

- Kvåle skule – grunnskule frå 6. – 10.klasse med 350 elevar og 48 tilsette
- Sogndal vidaregåande skule – studiespesialiserande, idrettsfag og yrkesfag. Ca. 800 elevar og 160 tilsette
- Høgskulen i Sogn og Fjordane – lærarutdanning, ingeniør- og naturfag, helse- og sosialfag, idrett og friluftsliv, samfunnsfag og økonomi og leiing. Studia femner om bachelor-, master- og årsstudium. HISF har i Sogndal ca. 3 000 studentar og ca. 250 tilsette.
- Sogndal Fotball
- Forsking, gründerverksemdu og næringsliv utgjer ca. 35 verksemder med om lag 180 arbeidsplassar.

FORSKING OG UNDERSKJNING PÅ FOSSHAUGANE

Med utgangspunkt i utdanningsprogramma har HiSF etablert forskingsprogram for idrettsfag, læring, kunnskapsleiring, natur og miljøvitenskap, samhandling, innovasjon og styring i offentleg sektor og dessutan senter for helseforskning.



Vestlandsforskning og Høgskulen i Sogn og Fjordane utgjer eit samla regionalt kunnskapsmiljø med om lag 200 fagstillingar. Forskarar ved Høgskulen deltek også i Vestlandsforskning sine prosjekt.

Vestlandsforskning er forskingssenter for reiseliv (IT og reiseliv, fritidsforbruk, berekraftig reiseliv), miljø (her medrekna berekraftig landbruk, berekraftig mobilitet, fornybar energi, industriell økologi, alternative drivstoff og lokal miljø- og klimapolitikk). Andre tema er endring og nyskapning og brukarvenlege IT-system.

SOGNDALSMODELLEN - GRUNNLAG FOR EIT INNOVATIVT MILJØ

Fosshaugane Campus er kjent som eit innovativt miljø som tiltrekker seg personar frå heile landet for å starta firma i dette miljøet. Miljøet er kjenneteikna ved desse verdiane og arbeidsmetodane:

- Samspel mellom aktørar som vil kvarandre vel
- Bygd etter prinsippet $1+1 +1 = 5$
- Ved å bu saman oppstår synergiar
- «Samkontakt», sambruk og sambruk av kompetanse = enorm vekst
- Ein næringsstruktur med mange små aktørar
- Nyskapande friluftsliv

Basisen i Sogndalsmodellen er breitt samarbeid mellom private og offentlege aktørar. Når potensielle gründerar kjem til Campus, er Sogn Nærings første stopp. Personane og ideane vert evaluerte og Sogn Nærings kan hjelpe dei vidare i oppstartfasen via rådgjeving og gjerne kontorlass på gründerkontoret. Her kan ein vera gratis i inntil tre månader. Det er høve til å vera i systemet i inntil eitt år. Nokon kjem igjen med ein ny idé, eller for å få hjelp til å vidareutvikla ei bedrift med lange tradisjonar.

Dei set «framsnakking» i system, fokuserer på uformelle møteplassar, slår saman aktivitetar, har ei lokalisering som legg til rette for samarbeid der sentrale utviklingsaktørar møtest ofte og har ein natur og eit miljø som appellerer til ein del unge potensielle gründerar.

Bygging av Sognahallen kan stå som eit eksempel på styrken til ein liten og oversiktleg stad som Sogndal. Den lét seg berre realisera ved eit samarbeid mellom aktørar som det ikkje er gjeve skulle samarbeida om eit prosjekt av dette slaget: Eit dynamisk miljø rundt Sogndal Fotball – initiativtakrar og pådrivarar, ein høgskule som var open for å gripa nye sjansar og viljug til å tenkja uortodokst, næringslivsfolk som ynskte å satsa på ei framtidig utvikling, og - ikkje minst – sentrale fylkes- og kommunepolitikarar som såg potensialet i prosjektet for idretten, skulane og næringslivet. I Sogndal kjenner idrettsleiarar, kommunepolitikarar, høgskulefolk og næringslivsfolk kvarandre. Ofte kan ein og same person ha fleire av desse rollene samtidig.

Erfaringane frå bygginga av Sognahallen vart tekne vidare av dei same aktørane i den vidare utbygginga av Fosshaugane, etter kvart formalisert og med klare målsetjingar.



«Gründergalleri» - frå Kunnskapsparkens heimeside.

Kunnskapsparken Sogn og Fjordane si fremste oppgåve er å setja gründerar i gang. Om dei skal vidare, må prosjektet tilfredsstilla fleire kriterium. Det vert gjort ei vurdering i løpet av fleire oppstartsmøte. Dessutan jobbar ein tett med Innovasjon Norge, som har eit lengre perspektiv. Om produktet til gründeren har innovasjonspotensial, er vegen kort til neste fase i utviklinga. Om gründeren vert teken opp som inkubator, kan det gjevast støtte til oppfølging, rådgjeving, investorkopling, nettverk og husleige i inntil 3 år. Dette er ei ordning som har skapt mange arbeidsplassar i fylket. I Fjord-inkubatoren til Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane er det no fem verksemder i Sogndal og 11 totalt i fylket. Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane er ein aktør her på Fosshaugane Campus, men er likevel først og fremst ein fylkesdekkande aktør som hjelper gründerar og bedrifter i heile fylket – der dei er.

Samarbeidspartar

Kunnskapsparken har eit tett samarbeid med næringsansvarlige i kommunane i Sogn og Fjordane. Vi samarbeider også tett med regionale og nasjonale aktørar som:



VESTLANDSFORSKING



CONNECT




SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



STUDENTMILJØ OG SOSIAL PROFIL




Statsbygg har gjennom å delta i prosjektet OSCAR, som omfattar vurdering av kva slags verdi bygg og anlegg har for brukarane, gjort ei kartlegging av 7 universitet og høgskular i Norge. Studentar ved NTNU har gjort ei spørjeundersøking der studentar og tilsette (akademia og drift) har svart på eit spørjeskjema om bruk av studiestaden og bruk/tilgang til fasilitetar som parkering, service, arbeidsplassar etc. HiSF kjem best ut når det gjeld miljø, tilgang på areal og fysisk aktivitet, servicetilbod etc. Når det gjeld parkeringstilhøve og offentleg transport, kjem HiSF dårlegast ut.



Figur: Maren Hulbak, masteroppgave NTNU 2016

Denne - og ei rekke andre undersøkingar og evalueringar - stadfestar at Sogndal er ein velfungerande høgare utdanningsstad, med studentar som lukkast med utdanningsprosjekta sine og som trivst i miljøet. Høgskulen rekrutterer godt med studentar frå heile landet, og omkring 2/3 av grunnutdanningstudentane kjem frå andre fylke enn Sogn og Fjordane. Sogndal har i løpet av 50 år med høgare utdanning etablert seg på det nasjonale utdanningskartet.



Bilete frå utekino med Flåklypa Grand Prix på "Høgskuleplassen" i regi av Lurkarlaget hausten 2015.

Studenthuset Meieriet har kafé, pub, konsertarena og diskotek. Studenthuset har i tillegg fleire undergrupper som IT, kor, dans, band, foto og film, revy og teater og rollespel.

Studentarrangementet VEKAO vert skipa til i mars kvart år over ti dagar med revy, konsertar, standup etc. Det er mellom 5 000-7 000 som deltek på arrangementa, og studentveka bidreg til eit aktivt kulturliv i Sogndal.



Tilskipingar går føre seg i heile Sogndal: på Meieriet, i Kulturhuset, i Sognahallen og på utespader elles. Sosiale studentaktivitetar på campus er knytte til enkelt-seremoniar ved immatrikulering av studentane på «høgskuleplassen/haugen», russearrangement same stad og sporadiske arrangement som vist nedanfor.

IDRETT OG FRILUFTSLIV

Det er treningsfasilitetar ved Idrettssenteret og Klatreveggen i Sognahallen, Sogndal idrettshall og symjehallen. I tillegg er det eit godt tilbod av aktivitetar gjennom Sogndal Idrettslag og Studentsprett (volleyball, fotball, basket og innebandy) og andre lokale idrettsorganisasjonar.

Det er fleire arrangement og verksemder som spring ut av studentmiljøet og ressurspersonane på Fosshaugane. Blant desse er Fjellsportfestivalen som vert arrangert ei helg i februar av Bratt Moro. Bratt Moro er eit aksjeselskap som ynskjer å skapa lokal entusiasme og utvikling utan å vera ute etter profit. Dei starta i 2008 og har arrangert ei rekke festivalar, nasjonale og internasjonale konferansar, konkurransar, seminar, byggeprosjekt, teknologi- og lokalsamfunnsprosjekt. Det vert arbeidd i nettverk med sterkt forankring i lokalt næringsliv (innovasjon, reiseliv etc.) og offentleg forvaltning. Arbeidet vert drive fram av eldsjeler og sponsorar.



4. UTVIKLING AV UH-SEKTOREN OG BEHOVET FOR CAMPUSPLANAR

Det skjer ei endring i universitets- og høgskulesektoren (UH-sektoren) i regi av Kunnskapsdepartementet der målsetjinga er å redusera talet på institusjonar. Dette har resultert i samanslåing av fleire institusjonar, både regionalt og mellom institusjonar med store geografiske avstandar. På Vestlandet blir Høgskulen i Sogn og Fjordane slått saman med Høgskolen Stord/Haugesund og Høgskolen i Bergen frå 1. januar 2017. Namnet på den nye institusjonen blir Høgskulen på Vestlandet.

Kunnskapsdepartementet har pålagd institusjonane å laga planar for utvikling og effektiv bruk av campus og bygg i universitets- og høgskulesektoren i brev av 29.09.15. Der heiter det bl.a.:

«Campusutviklingsplaner:

Et av tiltakene som ble vedtatt gjennom strukturmeldingen var at regjeringen vil be alle institusjoner som vert berørt av ny struktur, utarbeide planer for god og effektiv bruk av campus, bygg og utstyr i samsvar med institusjonens faglige prioriteringer.

Kunnskapsdepartementet legger til grunn at alle institusjonene direkte eller indirekte berøres av de strukturelle endringene i sektoren. Departementet ber derfor om at alle statlige universiteter og høyskoler utarbeider overordnede planer for utvikling av bygningsmassen og effektiv bruk av eksisterende og nye campuser.

En overordnet plan må ligge til grunn for eventuelle større oppgraderings- og byggeprosjekter på den enkelte campus. Byggebehov, som meldes inn til Kunnskapsdepartementet, skal relateres til institusjonens overordnede plan. Statsbygg vil kunne bistå institusjonene i et slikt planarbeid».

Statsbygg sitt arbeid med HISF har hovudfokus på bygg og uteområde, slik at høgskulen kan gjennomføra sitt oppdrag på ein best mogeleg måte. Kompetanse om campusutvikling er henta frå erfaringar og planar frå andre land i Europa, og spesielt prosjektet «Fremsidens campus» i Danmark. Erfaringa frå Danmark er at bygg er ein viktig innsatsfaktor som vert stadig viktigare når studiestader konkurrerer om dei same studentane. Rapporten Campus og studiemiljø frå Universitets- og bygningsstyrelsen i København (2009) samanfattar problemstillinga slik: *«Den fysiske planleggingen av campusområder er av vesentlig betydning for kvaliteten på studie- og forskningsmiljøet på og omkring universitetene».*

Det kan verka som om kvalitet i utdanning og forsking i stor grad har handla om studietilbod, lærarkrefter som vert tilbydde, forskingsmidlar og fasilitatar. Campus som innsatsfaktor i undervisning og forsking har sjeldan vore høgt oppe på dagsordenen, og dermed heller ikkje campus som ein potensiell konkurransefordel i kampen om studentar og dei beste forskarane. Internasjonalt er dette i fokus.

Trendar og utviklingstendensar for høgare utdanning kan samanfattast gjennom desse punkta:

- Open og lagleg tilkomst i bygga
- Høve til møte og samspel mellom menneske med ulik erfaring og kunnskap
- Fleksible bygg med større variasjonar i typen møteplassar, læringsrom og fellesareal
- Samspel mellom IKT, pedagogikk og fysisk utforming av læringslokale
- Kopling mellom forsking/utdanning, næringsliv og kultur som kreativt sentrum
- Campusområdet si tilknyting til og drivkraft i utviklinga av staden og byen



Eit godt campusområde er ofte kjenneteikna ved å ha desse kvalitetane:

- Kultur- og aktivitetstilbod nær undervisningsstaden
- Auditorium vert nytta av andre aktørar og lokalmiljøet til arrangement, kino m.m.
- Gode møteplassar ute og inne
- Fleirbruk, multifunksjonelle lokale og utomhusanlegg – også for andre enn studentar og tilsette

- Høg kvalitet på bygg og uterom
- Tydeleg og god tilkomst, tydeleg senter/ tyngdepunkt, lesarvenleg / enkel orientering
- Nærleik til studentbustader, barnehage, familiefasilitetar, sport og idrett, servicetilbod

Moment i ein campusutviklingsplan kan delast inn i følgjande hovudkategoriar:

BYPLANMESSIGE FORHOLD	SOSIALE FORHOLD
<ul style="list-style-type: none"> • Området / staden/ kommunikasjon • Gjeldande reguleringar • Kommunale planar 	<ul style="list-style-type: none"> • Organisering / struktur / talet på studentar og tilsette • Eksisterande tilbod; sosiale og kulturelle • Møtestader
FYSISKE / FUNKSJONELLE FORHOLD	LÆRINGSMESSIGE FORHOLD
<ul style="list-style-type: none"> • Campus • Egedommar • Bygningar og pågående prosjekt • Leigeforhold • Uteområde • Universell utforming 	<ul style="list-style-type: none"> • Studietilbod / fag • Læringsformer • Akademisk status



Witt

5. MÅL, ORGANISERING OG PROSESS FOR CAMPUSPLANARBEIDET

MÅLSETJING FOR CAMPUSPLANARBEIDET

Fosshaugane har hatt ei sterk utvikling dei siste 15 åra og mange av visjonane som vart utforma den gongen, er no på plass. Fosshaugane har eit nært samarbeid mellom offentlege aktørar, næringsliv og utdanningsinstitusjonar, og på bygg- og eigedomssida er mykje etablert og ferdig utbygd. Aktørane opplever at det er behov for ei oppgradering av felles ståstad for vidare utvikling og ein klar drivar av utviklinga vidare. ProsesSEN med campusplanarbeidet skal identifisera utviklingspotensialet og kven som skal vera drivkrafta vidare.

Ved oppstart vart følgjande mål definerte for arbeidet:

- Ta utgangspunkt i eit 30 - 40 års perspektiv
- Framtidvisjon for Fosshaugane – Fosshaugane 2.0
- Suksesskriteria: forankring, identitet og ansvar for utvikling
- Kartlegging og samordning - nyskaping og utbygging.
- Kva er avgjerande for å sikra god utvikling og kva for tiltak bør setjast i verk?
- Korleis sikra eit effektivt samspel mellom Fosshaugane og Sogndal elles?
- Kva er utfordringane og korleis leggja til rette gjennom: arealbruk, infrastruktur, økonomi og organisering?

ORGANISERING

Arbeidet har vorte initiert av styringsgruppa for Fosshaugane med Statsbygg som prosess- og prosjektleiar for arbeidet med følgjande organisering i arbeidsperioden:



Det har vorte gjennomført møte i alle arbeidsgruppene våren 2015 der tema har vore drøfting av dagens situasjon, vidare planar, «moglegheitsrom» og utfordringar innanfor feltet. Arbeidsgruppa har gjeve innspel til ein analyse av kor tenleg Fosshaugane er når det gjeld arealbruken og arealbehovet på eit overordna nivå, og til stadanalysen. Innspela frå gruppene er oppsummerte i kapittel 5.

Medverkande i campusplanarbeidet har vore følgjande, fordelt på dei respektive gruppene:

Arealbruk og læring:

Karianne Bergheim (HiSF), Kjetil Sønnesyn (Sogndal kommune), Rasmus Mo (Sogndal fotball), Tor Arne Hov (Sogn og Fjordane Fylkeskommune), Haakon Walnum (Kunnskapsparken), Hilde Herrebrøden (Statsbygg) Randi Sjøholt (SISOF) og Ingrid Moe Albrightsen (Studentparlamentet ved HiSF)

Offentleg forvaltning, miljø og infrastruktur:

Jostein Aanestad og Markus Mohn Werner (Sogndal kommune), Aage Engesæter (Sogndal fotball), Jan Tore Rosenlund (Sogn og Fjordane Fylkeskommune), Torbjørn Nævdal (Statsbygg), Åse Løkeland / Rasmus Stokke (HiSF)

Næring, kultur, sport og lokalmiljø:

Per Odd Grevesnes (Sogn næring), Kjetil Kvåle og Haakon Walnum (Kunnskapsparken), Merete Lunde (Vestlandsforskning), Terje Bjelle (HiSF), Halvor Gregusson (Rocketfarm)

PROSESS

Det vart halde eit oppstartseminar 30. september 2014 med deltagning frå eigarane, leigetakrarar, studentrepresentantar og kommunen.

Erfaringar om campus er at:

- Fosshaugane Campus er eit etablert nettverk
- Resultat av samarbeidet så langt: felles idé og visjon med samordna utbyggingar, felles arealbruk, arealfordeling, felles parkeringsløsing, skilt
- Aktørane ynskjer ein campusplan for å gjera den vidare utviklingsretninga synleg
- Samla aktørane for å finna ein felles ståstad om Fosshaugane gjennom å:
 - dela utfordringar, behov, framtidstankar
 - finna felles ambisjonsnivå for arbeidet
 - definera ein felles visjon for området
 - leggja ein plan for vegen vidare.

Arbeidet vart delt inn i to hovudfasar der det våren 2015 vart gjennomført kartleggingar gjennom møte i arbeidsgrupper, og dessutan analysar som grunnlag for utviklingsalternativ og vidare strategi for utvikling av Fosshaugane. Det vart henta inn konsulentar for å kartleggja følgjande:

- Reisevanar (Urbanet Analyse) som grunnlag for vurdering av trafikale tiltak.
- «Brukbarhetsanalyse» (Narud Stokke Wiig AS) som grunnlag for vurdering av arealbruk og alternativ for sambruk mellom eigarane
- Stadanalyse (Rambøll AS) for kartlegging av Fosshaugane sine ytre fysiske rammer og kopling mot sentrum.

Hausten 2015 har Rodeo Arkitekter AS arbeidd med ein studie av kva for utviklingsretningar som finst. Denne studien har resultert i eit prinsipp- og strategidokument som foreslår fysiske og organisatoriske tiltak for ei vidare utvikling av Fosshaugane.


Arbeida er oppsummerte i kapitel 5 og følgjer i sin heilskap som vedlegg.



Foto frå workshop om arealbruk hausten 2015. Foto: Narud Stokke Wiig.

6. FOSSHAUGANE – EIGARSKAP, AKTØRAR OG AKTIVITETAR

Eigedomskart for Fosshaugane er svært samansette, og er oppdelte i både små og store «teigar» som dels er eigartomter og dels festetomter. Kartet viser ei grov oversikt over kven som disponerer areala. I hovudsaka har Sogndal kommune eigedomsrett til vegane inn til Fosshaugane frå Fossvegen, Guridalen, Trolladalen og Ingafossen.



EIGARAR OG FESTARAR

Sogndal kommune: Kvåle skule, idrettsbanene, Guridalen, Fossvegen 9 a-d

Sogn og Fjordane fylkeskommune: Sogndal vidaregåande skule

Sogndal Fotball: Fotballarenaen, inkludert lokale for utleie omkring arenaen, vert framfesta av Sogndal kommune

Statsbygg: Høgskulen i Sogn og Fjordane.



LEIGETAKARAR HJÅ SOWNDAL FOTBALL OG SOGNAHALLEN A/S

Sogndal Fotball husar eit breitt utval av verksemder som er med på å skapa eit rikt og innovativt campus. Av nokon kan nemnast:

- Undervisning: HiSF og Sogndal VGS.
- Studentsamskipnaden i Sogn- og Fjordane (SISOF)
- Forskningsbedrifter
- Innovasjon/inkubatorbedrifter
- Konsulentverksemder (arkitektar og landskapsarkitektar)
- Tenestebedrifter (frisør, køyreskule, fysioterapi, treningsstudio etc.)

LINESBYGGET	STADIONBYGGET ➔	STADIONBYGGET ➔
3 etg. ↑ Arkitektkontoret 4B ↑ HSF Idrett Kontorer ↑ S&F Fotballkrets ↑ VGS Kontorer	3 etg. Visit Sognefjord AS Sogn Nærings Kunnskapsparken Yast	1 etg. VGS Undervisningsrom NRK Sogn og Fjordane Auditorium Sogndal Fotball - Stallen
2 etg. ↑ VGS Undervisningsrom/OT ↑ Toaletter ↑ Famille tribuna	ADB Presserommet - Meterom Norges vassdrags- og energidirektorat Landskapsarkitekt Fimreite	Studentsprett Gasta design & kommunik. Lurkarlaget SISOF
1 etg. Stamina HSF Idrett Kontorer Lillys Frisørsalong Sogndalbuil Campus Helse	Cowi Adecco HSF Naturfag Kontor Sparebanken Vest Meterom 2 etg. Sognekraft tribuna HSF Labratorium HSF Datalab HSF Undervisningsrom	Distriktsenteret Joar Solberg Trafikkskule Toaletter 0 etg. Sogndal Fotball Kontorer Vestlandsforskning - 2 etg (Inngang fra nedsida) Asplan Viak
0 etg. Idrettssenteret -1 etg. Parkeringskjellar	VGS Undervisningsrom	Fjordane IT

7. FOSSHAUGANE I SOWNDAL



Sogndal kommune

Ein arealpolitikk for urbanisering og nyskapande friluftsliv

I kommuneplanarbeidet har ein innanfor gjeldande kommuneplan følgjande skildring av utfordringar og målsetjingar for arbeidet:


«*Folkevekst og auke i tal studentar er utviklingstrekk som gjer det naudsynt med ein revisjon av arealdelen. Planrevisjonen skal avklare område for auka bustadbygging i kommunen. Vi ønskjer å vidareføre arbeidet med fortetting og urbanisering, men samstundes ta omsyn til kultur, identitet, byggjestil, folkehelse, grøntkorridorar, grøntareal, gode bu- og oppvekstmiljø, klimatilpassing og tryggleik.»*

UTVIKLING I SOWNDAL MOT 2040

Utviklingstrekk for kommunen


Kommunen opplever og reknar med ein vidare forholdsvis stor folketalsvekst, der ein middels prognose tilseier 3 000 fleire innbyggjarar i 2040. Hovuddelen av desse er venta i nærleiken av sentrum.

Folketalsprognose Sogndal kommune 1998-2014-2040



Sentrumsutvikling


- Kommunen ynskjer fortetting av sentrum for mellom anna å gjera kommunikasjon og kommunale tenester betre og meir effektive, tryggja naturen og unngå tettstadspreiing.



Urbanisering skal styrast gjennom mellom anna følgjande tiltak:

- Fortettingsstrategi
- Auka krav til minste utnytting
- Nye føresegner og retningslinjer om tettstadforming og arkitektur
- Lågare parkeringskrav (maks/min)


Ein studie av kva for utviklingsalternativ som finst, er utarbeidd for å synleggjera potensielle nye bustadområde innanfor tettstadsavgrensinga som opnar for 3000+ nye innbyggjarar.



Nærleik til nye bustadområde


PLANSTATUS

Arealdel til kommuneplanen 2013 – ein tettstad i vekst



Planen differensierer i liten grad arealbruken når det gjeld sentrumsformål og skal følgjast opp gjennom prinsipp-planar. Nedanfor følgjer nokon av desse som har betydning for Fosshaugane.


Sykkelplan 2013-2023



Figur 5 Oversikt over hovedvegnettet del 1, Sogndal sentrum. Delstrekninger med skildring og tiltak er framstilt i tabell på neste side.

Sykkelplan for Sogndal sentrum 2.10.2012


«Grøntstrukturplan» 2010 (Plan for gangveger/stiar og grøntkorridorer):



Klima- og energiplan 2009 -2015:

Sogndal hadde eit utslepp på 46 200 tonn CO₂ – ekvivalentar i 2006.

Det mest interessante elementet som vert omtala i klimaplanen for Fosshaugane, er utslepp knytte til transport. Største utsleppet i 2006 var frå vegtrafikk, og denne trafikken har sidan auka. Ein stor del er knytt til gjennomgangstrafikk.



Kommunen sine verkemidlar for å redusera utslepp til transport er å leggja til rette for gange og sykkelbruk, avgiftsparkering i sentrum og å arbeida for eit betre kollektivtilbod. Indre Sogn er ein felles bu- og arbeidsmarknad og det er mange som pendlar. Sogndal hadde i 2007 ei innpendling på 1163 og ei utpendling på 1027. Bussstilboden er relativt godt mellom t.d. Sogndal og Leikanger, og er tilpassa dei siste åra med omsyn til pendlarane. Det bør likevel vere eit kontinuerleg mål å gjere tiltak for å auke kollektivandelen innanfor bu- og arbeidsmarknaden i regionen.

Oppvarming av bygg utgjer brorparten av den stasjonære forbrenninga. Kommunen ynskjer å stimulera og leggja til rette for klimavenleg oppvarming, og hjelpe fram enøk-tiltak for å redusera forbruket i eiga verksamd. I samanheng med utbygginga på Fosshaugane Campus er det etablert alternativ oppvarming av bygningsmassen. Saman med Sognekraft har kommunen etablert fjernvarme-/varmepumpeanlegg til Fosshaugane i 2013.




Fig. 3. Utslepp av klimagassar per innbyggjar i Noreg, Sogn og Fjordane og Sogndal kommune i 2006. Kjelde: Miljøstatus (klimagassutslepp) og SSB (folketal per 1.1.2006) og eigne utrekningar.

Verknaden av klimaendring på ulike sektorar er synleg og kommunen har sett ned eit utval for å sjå på konsekvensane.

Handlingsplan for 2010-2015:


Klimagassutsleppa i Sogndal kommune skal, i tråd med nasjonale mål, reduserast med 30% innan 2020.

Sogndal kommune skal førebu lokalsamfunnet på verknader av klimaendringane og sikra ein tilpassa arealbruk.

- | | |
|-------------|--|
| Hovudmål 1 | Sogndal kommune skal som styresmakt fremja klimatiltak |
| Delmål 1.1 | Stilla krav i arealplanlegginga for å redusera klimagassutslepp |
| Delmål 1.2 | Stimulera og motivera næringslivet til å ta klima- og energiomsyn |
| Delmål 1.3 | Motivera innbyggjarane til å ta klima- og energiomsyn |
| Hovudmål 2 | Sogndal kommune skal medverka til å redusera klimagassutsleppa frå trafikk |
| Delmål 2.1 | Ha ei klimavenleg parkeringsordning |
| Delmål 2.2 | Medverka til å etablera pendlarruter |
| Delmål 2.3 | Leggja til rette for gåande og syklande |
| Hovudmål 3. | Sogndal kommune skal medverka til energieffektive løysingar |
| Delmål 3.1 | Stimulera til bruk av klimavenlege varmekjelder |
| Delmål 3.2 | Vera ein pådrivar i langsiktig energiarbeid |

REGULERINGSPLANAR PÅ OG OMKRING FOSSHAUGANE:

Reguleringsplanar på Fosshaugane omfattar i stor grad to planar «Fosshaugane – Kvåle» vedteken 2004 og «Lemhagen – Fosshagen» vedteken 1996. Førstnemnde plan vart sett i gang som ei følgje av utbyggingsplanar hjå høgskulen, Sogndal Fotball, fylkeskommunen og kommunen. I arbeidet vart styringsgruppa for Fosshaugane etablert og planen danna grunnlag for den utviklinga ein har fått til.



Reguleringsplanen ber preg av å vera ein gjennomføringsplan for byggjebehova tidleg på 2000-talet. Det er semje om at planen for Fosshaugane bør oppgraderast for å løysa trafikk og annan infrastruktur, kontakt med

omlandet og ein grønare og meir samanhengjande campus. Fosshaugane må også sjåast i samanheng med utvikling av området ved garden Foss og Gravensteinsgata/rutebilstasjonen.

PÅGÅANDE PROSESSAR SOM KAN HA INNVERKNAD PÅ UTVIKLINGA AV FOSSHAUGANE:


I sykkelplanen ligg det inne ei opparbeiding av betre gang- og sykkelamband frå sentrum opp Trolladalen og Fjærlandsvegen. Desse planane kan ha store konsekvensar for trafikk- og landskapsbiletet mellom campus og sentrum og omlandet. Det vil vera viktig å sjå på gode visuelle og fysiske koplingar, og spesielt transformasjon av området Fosshagen. Utviklinga av dette området kan få stor betydning for Sogndal sin identitet og historiske forandring. Fruktgarden med landbruksbygningar og frukttrær i sentrum representerer ein historisk referanse til «saft-bygda» og er ein av få gardar som er att i sentrum. Området har stort potensial til ei meir urban og fortætta byutvikling, skapa samanhengar på tvers, samtidig som ein kan ivareta identiteten til Sogndal.




Flyfoto viser dei blå-grøne samanhengane langs Sogndalselvi og tilknytinga garden Foss kan ha til desse.

STADANALYSE AV SOGNDAL

Sogndal kommune gjennomførte i 2013 idéverkstader med interesserte innbyggjarar og fekk utarbeidd ein stadanalyse for sentrumsområdet av ei konsulentgruppe som oppsummerte dette i rapporten «Sogndal 2040 – analysar». Vidare vart det utarbeidd ein studie av alternativ («mulighetsstudie») for utvikling av området mellom Kulturhuset og Fosshaugane.




To tyngdepunkt i Sogndal med eit mellomområde som vert viktig for vidare utvikling av begge tyngdepunkta.




Grøntstrukturen er i stor grad styrt av topografien. Grøntområda innanfor sentrum er små og gir høve til nærrrekreasjon i mindre skala.

NÆRING



OFFENTLEG TENESTEYTING



STIV KULING AS // ARKITEKTUR NATUR STADUTVILKING

HØGSKULEN I
SØGN OG FJORDANE

Norconsult

Arealbruk i Sogndal sentrum.



Vision for utvikling mot 2040, juni 2013, Stiv Kuling AS / Sogndal kommune.

8. DAGENS FOSSHAUGANE CAMPUS – ANALYSAR OG ARBEIDSGRUPPER

STADANALYSE FOSSHAUGANE - RAMBØLL AS

Stadanalysen er delt inn i registrering og normativ analyse av fysiske forhold på Fosshaugane og mot sentrum. I tillegg stiller ein i analysen spørsmål og gjer synleg utfordringar som kan takast vidare i utviklingsarbeidet. Nedanfor vert hovudtrekka frå analysen oppsummerte. Analysen finst i sin heilskap som vedlegg til rapporten.



SOGNDAL SITT SÆRPREG



Vi her kort nevne de viktigste elementene som gir bygd sin karakter:

Høyskolebygget er med sin karakteristiske utforming eit viktig bygg for Campusen rent visuelt og godt synlig fra sør-siden av dalen.

Sogndalselvi, som med sitt forleip på denne strekningen lirer mellom krappe hogdesprang og fosser ved Foss og Stedje kai nederst mot fjorden.

3. Foss melløv Sogndalselvi

4. Stedje kirke

5. Sogndalsfjera – gammelt strandsted med verneverdig bebyggelse. Dette er Sognsalds gamle sentrum, som er vendt mot fjorden. Fjorden var den viktigste ferdssåren fram til etter 2. verdenskrig.

6. Eplehagene preger fortsatt området sterkt, selv om de sentrumsnære områdene nå er sterkt redusert i omfang.

Fosshaugane, samt enkelte mindre hager med frukttrær. Vi imidlertid ein stor og viktig eplehage mellom sentrum o Fosshaugane, samt enkelte mindre hager med frukttrær.

7. Fotballhallen på Fosshaugane som ruver i terrenget sett fra sørvest.

- Fosshaugane ligg på eit platå i dalen og har fleire ulike landskapsrom.
- Fosshaugane er markant i landskapet og består av fleire store bygningar som utmerker seg, som f.eks. Sognahallen, Fossbygget og Høgskulebygget.
- Elverommet i Sogndalselvi mellom Fosshaugane og Sognefjorden er eit viktig landskapsdrag. Ei økonomisk oppblomstring saman med sterkt utbygging har gjort at delar av det naturlege elverommet visse stader er vorte teke i bruk til internvegar og store bygg. Inngrepa i elverommet er visuelt uheldige og forringar elva sin posisjon som det viktigaste naturelementet i området. Dessutan gjer desse inngrepa det vanskeleg å etablera samanhengande turvegar langs elvekorridoren i nord.
- Eplehagene som omkransar dagens campus og sentrum, er ein natur- og rekreasjonsressurs og kulturerbar om bygda sitt nærings- og ressursgrunnlag.

NÆRSTUDIAR

Bygningsstruktur og «lesbarhet» – området har ein svært samansett bygningsmasse med mange store volum, som dels tek eller ikkje tek opp terrenget og sperrar for gode kommunikasjonsvegar. Hovudinngangane har vanskeleg «lesbarhet», det vil seia at dei er ikkje tydelege, og er dermed vanskeleg tilgjengelege.

Grøntareal – ikkje kvalitetssikra og differensiert mellom ulike kvalitetar og opparbeidingsgrad. Konkluderer med at det er mangel på samanhengar og tilgang på flate areal for idrett og annan uteaktivitet.

Vatn og harde flater – overordna kartlegging, men konsekvensane av dette er ikkje vurderte nærrare med omsyn til store nedbørsmengder, forhold mellom dei harde flatene og kvalitetar. Bør utdjupast i ein vidare analyse om blå/grøne strukturar og klimatilpassingar.

Plassar og møblering – god kvalitet på det meste, men tilfeldig plassering av møblar og utstyr vitnar om at det manglar en overordna plan og drift.

Gange og sykkel – samanhengar som er vanskelege å lesa. Barrierar både i terrenget og fysiske hindringar (bygg, manglande samband etc., logikk med omsyn til rørslelinjer og målpunkt.)

Køyretilkomstar, varetransport og parkering – Fleire tilkomstar med køyretøy til området, men dei er vanskelege å orientera seg i og det manglar samband mellom desse. Parkeringsplassane er spreidde rundt på området tilknytte det enkelte bygget og dette medfører mykje køyring for å leita etter plass. Parkering i underetasjen er dyrare enn bakkeparkering. Det finst ein felles avtale for parkeringsbetaling og drift. Folk opplever det slik at mykje av uteareala er i bruk for biltrafikk og arealbruken er lite effektiv med omsyn til overgangar mellom trafikkgrupper og arealdisponering. Gjennomkjøring i Ingadalen er ikkje tillate, men skjer likevel pga. mangel på alternativ innanfor området, og store omkjøringar. Dette er eit problem for drifta av Kvåle skule når det gjeld tryggleiken for borna.

Kvalitativ stadanalyse – svake samband mellom opplevde orienteringspunkt og målpunkt på grunn av barrierar og manglande tilrettelegging.

Den visuelle kontakten er visse stader god, men dei fysiske sambandslinjene vert opplevde som uklare og lite logiske – og dermed vanskelege å lesa for alle trafikantgrupper.

Utfordringar og forslag til tiltak – barrierar som er skapte gjennom plassering av store volum, orientering av bygga og inngangar etc. pga. manglande heilskapsplanlegging før utbygginga, er det vanskeleg å fjerna ved enkle tiltak. Ei vidare utvikling bør fokusera på å gjera målpunkt tydelege og skapa betre samband vertikalt.

Mindre småhusutbygging innanfor det som ein opplever som campusområdet, er med og skapar ei uheldig funksjonsblanding. Ein bør vurdera å transformera randsone slik at campus får ein tydeleg profil og avgrensning.

NYTTEANALYSE («BRUKBARHETSANALYSE») – NARUD STOKKE WIIG AS

Narud Stokke Wiig As har gjort ei kartlegging på eit overordna nivå ut fra potensialet for deling av fellesfunksjonar og korleis desse kan organiserast. Dei har i sin rapport følgjande skildring av situasjonen:

- *Området ber preg av å vera bygd ut over lang tid utan ein overordna plan*
- *Sentralområdet med idrettsanlegga dominerer platået og deler campus i 3 hovuddelar.*
- *Terrenget og nedbygging gir avgrensa tilkomst*

Rapporten har samanstilt alle bygg med planteikningar for anlegget og gir ei god oversikt over romlege og bruksmessige samanhengar. Det er gjort ei overordna kartlegging av areal som har potensial til å inngå i ein felles «areal-pool» eller bestillingssystem ut frå dagens bruk og funksjonalitet. Kategoriane som er kartlagde, er: Generelle undervisningsrom, fellesareal, møterom/grupperom, idrettsanlegg, kommersielle servicefunksjonar og bibliotek.

Deira konklusjon er at det er mykje fellesareal som har potensial til møteplassar (formelle og uformelle) utstillingar/«events» og er eigna til bruk som fleksible arbeidsplassar for verksemder som ynskjer å vera meir tilgjengelege/utoverretta.

Kvaliteten på romma for gjeldande bruk går ikkje inn i analysen, kven som brukar dei, kor ofte dei vert brukte og kor tilgjengelege og/eller anvendelege dei eventuelt er for andre brukarar enn eigar/leigetakar.

I den vidare utviklinga er det behov for å styrkja tilkomsten til areal på tvers av brukargrupper. For å oppnå dette bør det jobbast ut frå tre målsetjingar:

Redusera barriereverknader:

- Fysisk avstand (kontakt og interaksjon)
- Tilknyting (nettverk og mobilitet)
- Relativ avstand (økonomiske, kulturelle og sosiale faktorar)


Avstand er ikkje absolutt, men ein funksjon av fleire forhold:

- Fysisk målt i lengde
- Relativ målt i tid og ressursbruk (tid og kost)
- Kognitiv – opplevd avstand

Styrkja sambruk sosialt og organisatorisk:

- Areal eigna til fleirbruk og bestilling
- Synleg og god plassering av felles og sentrale funksjoner

AREALKARTLEGGING:



NETTOAREALER CAMPUS FOSSHAUGANE

BYGG	GENERELL UNDERVISNING	FELLESARENNAER	MØTEROM/ GRUPPEROM	IDRETT (UTEN SOGNNAHALLEN, IDRETTS- OG SYMFIEHALL OG STØTTEFUNKSJONER)	KOMMERSIELL SERVICEFUNKSJONER (UTEN KANTINE)	BIBLIOTEK	SUM
Ungdomsskulen	1933	94		123			144
SVGS Tinn 2	1021			121			1142
SVGS	1321	399		169			217
Idretts- og symfiehall				1814			1814
Linedbygget	492		112	1168		280	2062
Stadionbygget	441	479	393				1313
Swingen	384		68	63			515
Sognahallen				8160			8160
Hogskulebygget	624	486	261			1006	2377
Fossbygget	790	454	84				1328
Guristova	413		22				435
Guridalsbygget	365		91				446
SUM	7774	7774	1912	1444	11205	280	1367
							23982

Sammenstilling av arealer ihht. mål på plantegninger



Urbanet Analyse gjorde i april 2015 ei reisevaneundersøking blant tilsette, studentar, elevar og supporterar på Fosshaugane. Det vart ein vesentlig lågare svarprosent blant elevar ved Sogndal vgs. og Høgskulen enn rekna med og ynskjeleg pga. tekniske utfordringar ved elevane sitt e-postsystem.

Reisevaneundersøkinga vert framleis vurdert som eit nyttig verktøy for vidare planlegging, då 25-30 % av dei tilsette ved skulane og så mange som 75-80 % av dei tilsette og leigetakarane hjå Sogndal Fotball svarte. Ut frå kvar dei bur og økonomi, er det potensielt fleire tilsette som vel eit anna framkomstmiddel enn sykkel og gange.

Identifiserte reisemønster og innspel frå undersøkinga:

Reisevanar:

- 60% av studentane som svarte, går til Fosshaugane
- Alle grupper har ein høg kvote med miljøvenlege reiser
- 55 % bur i gang - og sykkelavstand (under 2 km)
- 73% av desse går til Fosshaugane, 17 % syklar og 10 % brukte bil
- Av dei som bur 3-5 km frå Fosshaugane, køyrer over 50% bil
- 5 % reiser kollektivt om sommaren og 7% om vinteren – i stor grad dei som bur lengre enn 10 km frå Fosshaugane.

Sesongvariasjonar:

- 23 % går i sommarhalvåret – 32 % om vinteren.
- 8% syklar dagleg i sommarhalvåret – 2% om vinteren
- Av dei som syklar dagleg i sommarhalvåret, er det nesten halvparten som går om vinteren.

Ærend i samanheng med reise til Fosshaugane:

- 15% har ærend til Fosshaugane (41% følgjer barn, 29% anna, 17 daglevarekjøp)
- 30% har ærend frå Fosshaugane (64% av desse er daglevarekjøp, 19% følgjer barn)

Parkering på Fosshaugane og ved bustad

- Like over halvparten av dei som pleier å køyra bil til Fosshaugane, har årskort eller halvårskort for parkering på Fosshaugane
- 20 prosent parkerer og betalar avgift per time på Fosshaugane
- Om lag 30 prosent parkerer utanfor campusområdet på Fosshaugane
- 87 prosent av respondentane har tilgang til parkering på eiga tomt ved bustaden
- 13 prosent parkerer utanfor eiga tomt

KOMMENTARAR FRÅ BRUKARAR I UNDERSØKINGA:

- Mange føretrekker å gå framfor å sykla på grunn av korte avstandar i Sogndal
- Saknar tilrettelegging for sikker og overdekt sykkelparkering og garderobar
- Bratt og glatt vinterstid
- Betre sykkelvegar og sykkelfelt
- Går ikkje buss frå staden ein bur eller ofte nok til at det er eit aktuelt alternativ til bil
- Arbeidstid og ærend til og frå gjer det vanskeleg å gå, sykla eller reisa kollektivt

OPPSUMMERING OG OPPFØLGINGSPUNKT FOR VIDARE ARBEID:

Gange:	Alt no ein høg kvote – kva skal til for at dei som køyrer heller går?
Tiltak:	Fysisk tilrettelegging, økonomiske og opplevingar langs vegen
Sykkel:	Stort potensial hjå køyrande og kollektivreisande
Tiltak:	Betre parkering, garderobar og sikre sykkelvegar
Kollektivt:	Låg kvote pga. spreidd busetnad, men er det eit høgare potensial?
Tiltak:	Tilkomsten må bli betre– avgangar, ruteopplysningar og haldeplassar
Bil:	Ein høgare kvote brukar bil enn det som ser ut til å vera nødvendig
Tiltak:	Kartleggja det reelle behovet for bil til/frå Fosshaugane Kartleggja transportmønster og laga ei trafikkutgreiing Innføra bildeling for å dekkja behov for bil på tenestereiser og lengre turar for studentar

IDENTIFISERTE BEHOV FRÅ ARBEIDSGRUPPER

AREALBRUK OG BEHOV

Arbeidsgruppa drøfta i møte bruk av området som heilskap, samhandling mellom verksemdene, alternativ («muligheter») og utfordringar ved auka sambruk av areal. I dei fleste møta vart det gjeve innspel til nytteanalyesen (« brukbarhetsanalyesen») utarbeidd av Narud Stokke Wiig as.

GENEREKT OM AREALDISPONERING, AREALBRUK OG FRAMTIDIGE BEHOV:

Verksemdene har i dag ein del samarbeid både praktisk og fysisk, og campusplanarbeidet har avdekt ein del organisatoriske og fysiske møteplassar. Ei fullstendig kartlegging vil vera eit større arbeid enn det har vore ressursar til i denne fasen, men verksemdene har gjeve tilbakemeldingar om bruk og utfordringar som kan danna grunnlag for vidare analysar.

BYGG UNDER AVVIKLING OG TRANSFORMASJON:

Svingen

Bygget er i dag i relativt dårlig stand og vil ved utløpet av leigeavtalar med HiSF bli erstatta med nybygg.

Skotet

Bygget framstår noko «uflidd» og med si eksponering kunne det ha vore gjort ei oppgradering av fasaden og eventuelt ein meir open fasade.

Guridalsbygget

Bygget er i dårlig stand og Statsbygg har planar om å erstatta dette med nybygg på relativt kort sikt.

Gymnasbygget

Statsbygg har fått i oppdrag fra HiSF om å rehabilitera og byggja om. Oppstart hausten 2017 etter at Sogndal vgs. har flytt ut. Endeleg romprogram er ikkje fastsett p.t. Bygget er relativt gammalt og ein kan rekna med at bygget på lang sikt vert erstatta med eit anna bygg som i større grad er tilpassa situasjonen.

KVÅLE SKULE – 6.- 10 KLASSE

Kvåle Skule ligg litt i utkanten av Campus, men er ein samarbeidspart med fleire av aktørane og brukar areal i Campus-området.

Samarbeidsarenaer:

- Bruk av Sognahallen som kroppsøvingsarena, samarbeid både med Sognahallen og Høgskulen rundt dette.
- Samarbeid med vidaregåande om hospitering
- Samarbeid med høgskulen om praksis
- Samarbeid med Sogndal Fotball om skule for talent som kjem tidleg med i toppfotball

I tillegg brukar dei desse «friareala» i friminutt og ein del styrte aktivitetar :

- Kunstgrasbana på Kvåle
- Ballbingen på Kvåle
- Grasbana og løpebane på Kvåle

- Sognahallen

Kva ynskjer dei meir av?

- Tettare samarbeid med vidaregåande og sjå skuleløpet meir i eitt. Gjerne samarbeida i større grad på spesielle fag, for eksempel arbeidslivsfag eller enkelte valfag. Utveksling av elevar og eventuelt lærarar i nokon av basisfaga kan også vera aktuelt.
- Tettare samarbeid med høgskulen. Gjera fleire øvingsoppdrag, samarbeida endå tettare med dei ulike fagseksjonane. Vera ein god arena for å prøva ting i praksisfeltet / forska / gjera undersøkingar. Laga endå meir fleksible praksisgjennomføringer. Laga praksisgjennomføringer som kan nyttast direkte i faga, for eksempel valfag
- Samarbeida endå tettare med idrettsmiljøet, for eksempel leggja til rette for fordjuping i idrett gjennom valfag – kunna nytta trenarkrefter gjennom for eksempel Sogndal Fotball.
- Bruka uteområda meir og eventuelt nye tilgjengelege uteområde – for å leggja til rette både for rein fysisk aktivitet, men også fysisk aktivitet med fag.
- Sjå på sjansane for å bruka ledige undervisningslokale dersom elevtalet held fram med å stiga slik prognosane tilseier.
- Bruka felles lærarkrefter. Dermed sjanse for å få til for eksempel spansk / fransk som framandspråk, eventuelt andre fagområde.
- Regionale valfag, i samarbeid med både vidaregåande, høgskule og miljøet elles på Campus
- Revitalisera entreprenørskapsarbeidet. Samarbeida med gründer- og bedriftsmiljøet på Campus.

Framtidig arealbehov:

Kommunen har tilstrekkeleg kapasitet per i dag, men har over tid ynske om å få til ei ny løysing for lokale til kroppsøvingsundervisning. Dersom folketalsprognosane slår til, er det behov for meir skulebygg frå 2025 mot 2040, men pr. i dag er det tilstrekkeleg på Kvåle.

SOGNDAL VIDAREGÅANDE SKULE

Skulen tilbyr utdanning innanfor studiespesialisering, bygg og anleggsteknikk, elektrofag, helse og oppvekst, restaurant og service, service og samferdsel og teknikk og industriell produksjon.

Undervisning – praksis, utfordringar og ymse alternativ («moglegeite»):

Generelt har skulen lang erfaring som øvingsarena for praksisstudentar frå HiSF Idrett og utnyttar arealet på Campus til sambruk mellom skule og fotball. Spesielt kan to område nemnast:

Idrettsfag:


Samhandlar på arenasida (idrettssenter, Fosshaugane, klasseromslokale + tribune) gjennom:

- Utnytting av treningsareal og treningsutstyr.
- Samhandlar på kompetansesida
- Skulen har eit tett samarbeid med fagmiljøet på HiSF, avdeling idrett- og lærarutdanning, på område som PPU praksis, lån/bytte av fagkompetanse blant lærarar. Eks: trenar for Sogndal 2 er tilsett som lærar ved Sogndal vgs.
- Skulen, både lærarar og elevar, vert inviterte til å delta på fagkonferansar arrangerte i regi av høgskulen.

Media og kommunikasjon:

- Anlegget Fosshaugane campus er blant dei best eigna i landet for utdanning i mediefag. Det gjeld også VG3-løp i faga mediekommunikasjon/ bilet og tekst (journalistikk)
- Medielinja vart innleidd av Høgskulen i Sogn og Fjordane til undervisning i journalistikk og har utvikla nytt journalistikkfag på bachelor idrett – tilsvarande kompetanse – overføring til HiSF er under planlegging på studieprogrammet bachelor friluftsliv.

- Medielinja har også lærarar med hovudfag i medievitskap, som også er innleigde av Høgskulen i Sogn og Fjordane og Høgskulen i Volda med spisskompetanse i sosiale medium.
- Spisskompetanse er lett tilgjengeleg på Campus. NRK har avdeling på Campus og produksjonsselskapa til eliteseriekampane leiger inn elevar til assistentjobbar. Bratt/Fjellsportfestivalen har eit nettverk av profesjonelle mediefolk som overfører kompetanse og nettverk til elevane. Gasta Design og kommunikasjon tilfører medielinja kreativ kompetanse.
- Modellen Fosshaugane Campus kan bli nasjonal modell for organisering av medieundervisning i "medieklynger".
- Sogndal Fotball sin storskjermproduksjon er ein framifrå læringsarena for tv-produksjon. Der får elevar prøvd seg i svært realistiske produksjonssituasjoner så vel i regi, grafikk som i kameraarbeid. Nasjonalt er fotball-tv-kanalane til eliteserieklubbane ein god utviklingsarena for unge medietalent.
- Samarbeidet med Sogndal Fotball har potensial til utvikling av medieavdeling /produksjonsavdeling. Og det tilfører ein «lågbudsjettklubb» som Sogndal ressursar i kampen mot dei store klubbane i norsk fotball.
- Bransjenettverkskartet illustrerer medierelasjonane til medielinja i Sogndal også utanfor Fosshaugane campus:



Behov for meir samhandling:

- I tillegg til media og Idrettsfag, ser Sogndal vgs. behov for tettare integrasjon med næringslivet på Campus i yrkesfag (prosjekt til fordjuping)
- Endå tydelegare samhandling rundt læringsaksen – frå Kvåle skule – gjennom vidaregåande – til Høgskulen (og ut i næringslivet)

Framtidig arealbehov:

SSB reknar med eit stabilt elevtal på lengre sikt, men det er noko avhengig av pårekna arbeidsinnvandring og andre tilbod for den vidaregåande skulen i regionen og fylket. Prognosane for arealbehov vil difor ha stor grad av usikkerheit. Sogndal vgs. bør sikrast utbyggingspotensial på 3 500 m²; 1 500 m² i ny 3. etasje i tribunebygget. Nettobehov: 2 000 m².

HØGSKULEN I SGN OG FJORDANE

HiSF leiger areal i Stadionbygget og Sognahallen, blant anna delar av campus-salen, klasserom, grupperom, auditorium m.m. I tillegg leiger HiSF tid i Idrettsenteret, klatrevegg, handballbane i Sognahallen m.m. Desse areala er det sambruksavtalar på i dag, primært med Sogndal fotball. I tillegg leiger HiSF i Linesbygget og lokale av Sogndal vidaregåande skule, som for eksempel bomberommet utanfor «Gymnasbygget» i eksamensperiodane.

Parkanlegget/ arealet mellom Høgskulebygget og «Gymnasbygget» bør utviklast av aktørane i området i fellesskap og bør dekkja det som «mangler» i Fosshaugane-området. Fleire avdelingar på høgskulen har kome med konkrete forslag til korleis området kan utviklast.

HiSF kan ha behov for ekstra klasserom og andre areal ved ekstra pågang etter rom. Om dette lèt seg gjera i praksis, bygger på ein føresetnad om felles planleggingsverktøy/ booking-system.

Det er vanskeleg å finna fram på Fosshaugane Campus med mange inngangar, informasjon, skilting.

Framtidig arealbehov:

Ein er ikkje komen fram til eit konkret talfesta arealbehov i arbeidet, men det vert arbeidd ut frå ein visjon om ei dobling av studenttalet fram mot 2040.

Uteareal for undervisning

Tilgang til areal for ballspel (volleyball), dyrkingsprosjekt,

NÆRINGS- OG FORSKINGSVERKSEMDER

Desse disponerer stort sett areal i Stadionbygget, Svingen og Linesbygget som leidgetakrar hjå Sogndal Fotball.

Framtidig arealbehov:


Utvikling i campus sine verksemder: 5 nye årsverk/år

«Tilflytting» av etablerte verksemder: 5-10 årsverk/år

15 m²/årsverk gir årleg nytt arealbehov på ca. 200-400 m² som i sum vil utgjera ca. 5 000-10 000 m² til 2040.

Tenesteyting inne på campus-området er det vanskeleg å vurdera arealbehovet til, men det er enkelte funksjonar som ein ynskjer til campus, som for eksempel kafé, butikkar, restaurantar. Dette vil krevja politiske endringar å opna opp for.

STUDENTSAMSKIPNADEN I SGN OG FJORDANE - SISOF:



Nytt studenthus:

Leigeavtalen på Meieriet i sentrum går ut 2020. Bygget er därleg vedlikehalde og SISOF ynskjer å sjå på sjansane for å trekkja studentaktivitetar opp på Fosshaugane. Studentane sitt ynske for eit nytt studenthus er å styrkja tilbodet deira som:

- Konsertarena
- Rom for studentaktivitetar
- Verkstader
- Lager
- Kafé og pub

Studentbustader

SISOF dekkjer i dag ca. 14% av behovet for bustader for studentar. Dei har eit mål om å dekkja 20% av behovet i nær framtid. SISOF har i dag følgjande tilbod av studentbustader:

Studentheimen: 78 hyblar og 5 leilegheiter

Stedjeåsen: 90 hyblar

Elvatunet: 80 hyblar og 8 leilegheiter

Elvatunet 1: 70 hyblar

Nedrehagen: vert ferdigstilt i 2016 – med 150 hyblar

Barnehage:

Sogndal studentbarnehage har 44 plassar og ligg i Dalavegen 10 nord-aust for Fosshaugane.

PLAN OG MILJØ

Sjå på utvikling av både Fosshaugane og sentrum under eitt og følgjande problemstillingar bør vurderast nærmere:

- Korleis skal campus vera i forhold til sentrum?
- Kva er målsetjinga – behova – potensialet – sjansar for realisering – effektar?
- Viktig å utgreia hovudutviklingstreka. Dagens situasjon er godt dokumentert. 36 bedrifter per i dag og X tal studentar, elevar, tilsette.
- Kor mykje areal trengst ved ei dobling av studenttalet og auka aktivitet?
- Hovudmålet for vidare utvikling må vera å kopla campus og sentrum.
- Ny utvikling skal skje i sona imellom.
- Utfordringa er å få Fosshaugane til å bidra til auka kommunikasjon til campus, skysstasjonen og bustadområda rundt.
- Laga ein strategi for utviklinga og planleggja for ei etappevis utvikling.
- Laga ein dynamisk plan der grove prinsipp ligg fast: Grøntstruktur, tyngre utbyggingar, torg, møteplassar, kollektivlinjer.
- Eksisterande kvalitetar i området må liggja som føringer for utforminga. (Stadanalysen for Sogndal-prosjektet ligg til grunn for dette.)

Føringar i kommuneplanen og reguleringsplanar:

Arealdelen i kommuneplanen gir følgjande føringer:

«Samanhengande grøntdrag, grøne lunger, turvegar og område for leik og rekreasjon skal ivaretakast og styrkast, særleg i sentrum og i nærleiken av bustadområde».

«Bygninga i sentrum skal plasserast slik at dei dannar gode, klare offentlege rom og fellesareal.

Tettstadstrukturen bør utformast slik at denne gir kortast mogeleg avstand for gåande og syklande. Dette er særleg viktig i Fjøra og aksen mot campus og i gater som bind saman fleire andre gater, f.eks.

Fjøregata og Gravensteinsgata.»

Andre prinsipp i kommuneplanen:

- Byromma bør utformast med vekt på tryggleik og attraktivitet for fotgjengarar.
- Bygninga bør brukast som støyskjerming framfor frittståande støyskjermar. Parkeringsanlegg bør ikkje venda mot gater.
- Offentleg tilgjengelege rom skal ha god form, vera universelt utforma, ha god samanheng med eksisterande og planlagd tettstadstruktur, historiske element, grøntdrag og ta utgangspunkt i viktige siktlinjer og gangsamband.
- Byrom bør invitera til opphold for alle brukargrupper.
- Etablera gangvegar i samsvar med grøntstrukturplan.
- Hovudruter for sykkel skal etablerast i samsvar med sykkelplan. God sykkelparkering i direkte tilknyting til hovudinngangar.
- Ny parkering skal liggja under bakken.

Andre føringer spesielt for Fosshaugane:

Elveparken som struktur må vektleggjast og forsterkast.

Det må leggjast vekt på korleis ein vert møtt av campus når ein kjem frå sentrum – f.eks. «inngangsportalar»

Bustadområda som ligg inne i det som er ei naturleg avgrensing til campus-området, må vurderast omdisponerte til campusrelaterte formål.

NÆRING, SPORT OG KULTUR

Viktig problemstillingar som bør drøftast nærmere i den vidare campusutviklinga:

- Studentsamskipnaden har vorte ein kraftig aktør som bør vera med i desse prosessane.
- Korleis bør vi organisera oss og gjennomføra desse fellesprosessane som vi adresserer?
- Korleis kan vi finansiera "kriseberedskap"?
- Har vi tydelege leiarar som tenkjer "fellesskap"?
- Kopling mellom sameksistens og korleis vi orienterer oss internasjonalt og globalt?
- Treng vi andre organ som har musklar til å gjennomføra prosjekt?

- Korleis finansiera samarbeid utan direkte gevinst? Vi er gode på instrumentale samarbeid der gevisten er kortsiktig. Vi er dårlege på å finansiera felles strategiske samarbeid.
- Sogndal Fotball må ha meir kontakt med leigetakarane sine.
- Korleis fungerer møteplassane våre? Vi har eit stort potensial når det gjeld å utvikla fleire og betre faglege/sosiale møteplassar spreidde på Campus, der dei forskjellige kan møtast til tverrfagleg samarbeid på tvers av organisasjonar, fag, bransje m.m.

Behov:

Vi treng ei felles strategisk eining som er forankra i eigargruppa (Sogn og Fjordane fylkeskommune, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Sogndal kommune, Sogndal Fotball), som har ansvar for leiing av strategiske prosessar med mandat og avgjerdsmakt innanfor politiske rammer.

Utfordringar med omsyn til leigetakarane sine interesser og deltaking i utviklinga:

Leigetakarane har ikkje nokon rett eller makt til å stilla krav eller ha eigarskap i prosessane når det gjeld strategisk utvikling av areal og fysiske fasilitetar på Fosshaugane Campus. Samtidig er dei viktige aktørar i utviklinga av Fosshaugane Campus. Korleis sikra deira deltaking og påverknad i desse prosessane?

Refleksjonar og tilbakemeldingar - mogelege løysingar, tiltak og prosessar:

- Det ville vera lurt med ei leigetakargruppe representert saman med eigarane i utviklingsplanar og strategiar med ein økonomisk modell som står opp under det ovannemnde.
- Etablera ein forpliktande handlingsplan og strategi i eigargruppa.
- Rigga 'innovasjonsgruppa' med ein plan som er forpliktande.
- Etablera strategiske grupperingar med fokus på spesifikke faglege og/eller strategiske prosessar. Definera konkrete prosjekt som dei strategiske grupperingane skal jobba med.
- Jobba fram ein felles visjon og strategi for Fosshaugane. Kva med ein felles presentasjon og formidling av Campusmiljøet som heilskap?
- Er arealvurderingane rette? Er det samsvar mellom opplevingar, det ein trur og opplevd røyndom, og dei analysane som vert lagde fram? Kva skuldast eventuelt gapet mellom dei?
- Skifta fokuset blant eigarane til omgrepene funksjonar og innhald i staden for areal i tal kvadratmeter, og dessutan arbeida med å vidareutvikla felles og fleksible funksjonar som er behovsdefinerte.
- Nytt samspelet mellom HISF, SFFK/SVGS og leigetakarane sine eksisterande og nye samarbeidsprosjekt, som spirer til å gjera synleg potensial og alternativ for korleis ein kan utvikla fellesfunksjonar. Samtidig rigga nye spennande samarbeidsprosjekt.
- Kva treng vi av areal og funksjonar for samhandlingsprosessane i desse prosjekta? Korleis kan vi utvikla desse funksjonane og fasilitetane i eksisterande areal? Treng vi eventuelt nye areal (nybygg og liknande)?

9. YMSE UTVIKLINGSRETNINGAR («MULIGHETER») - FORSLAG TIL PLAN OG STRATEGIDOKUMENT – RODEO ARKITEKTER

Studiane av dei utviklingsretningane som finst, skal gjera dagens samanhengar i bygningsstruktur, kommunikasjonsårer, møteplassar og sentrum synleg og foreslå tiltak som kan gi eit heilskapleg anlegg.



ANALYSE AV OMRÅDET OG FORSLAG TIL MÅLSETJINGAR OG STRATEGI FOR UTVIKLING

Deira skildring av Fosshaugane er gjort i ein SWOT-analyse. Forholdet mellom Campus og sentrum vert skildra som at avstanden fysisk er relativt kort (ca. 500 m), men vert opplevd som lang, fordi det skjer lite i mellomrommet. Det er høgdeskilnader og manglande visuell kontakt. Ein tydeleg silhuett manglar, og den «uforstyrra» utviklinga av Fosshaugane har ført til at det har utvikla seg to sentralitetar som kan gi ulike tyngdepunkt. I Sogndal vil det vera ei viktig avveging kor vidt campus skal innehalda program ut over undervisning, forsking og idrett. Ei auka næringsutvikling på Fosshaugane vil etter deira vurdering ikkje nødvendigvis svekkja sentrum dersom det vert lagt godt til rette for bustad- og næringsutvikling innanfor tettstaden. Eit sterkt og konkurransedyktig Fosshaugane vil styrkja Sogndal si totale drivkraft.

Rodeo foreslår **10 overordna målsetjingar** utforma på bakgrunn av ynske frå eigarane, tilrådingar i føreliggjande rapportar og eigne faglege vurderingar. Målsetjingane har generell karakter og bør konkretiserast, og dessutan bør ein sjå nærare på eigna organisasjonsmodellar for å oppnå måla.

Heilskapleg planlegging:


1. Plan som partane har vorte samde om («omforent plan»)
2. Synergieffektar
3. Felles driftsorganisasjon

Betre samanhengar:

4. Framstår meir lesbart
5. Framstår meir synleg
6. Grøn mobilitet
7. Kontakt med omgjevnadene

Bymessig utvikling:

8. Blanda bruk
9. Bystruktur
10. Mangfaldige byrom



FORSLAG TIL STRATEGIAR

For å nå desse måla vert det føreslege strategiar som kan delast inn i tre nivå:

1_STRATEGISK NIVÅ


FOSSHaugane CAMPUS



Hvordan ønsker Sogndal Campus å posisjonere seg utad?

Brandingstrategi, unike kvaliteter, faglige styrker.

2_LOKALT NIVÅ



Forholdet mellom Fosshaugane og Sogndal sentrum.

Hvordan påvirker de hverandre?

Samspill og/eller konkurranse?


3_INTERNT NIVÅ



Organisering av fysiske strukturer, offentlige rom, program og funksjoner på campus. Bebyggelse, sirkusjon, funksjonsdeling

- Strategisk nivå – profilering og posisjonering mot omverda, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.
- Lokalt nivå – Fosshaugane som del av tettstaden Sogndal og sentrum.
- Internt nivå – tiltak innanfor campusområdet.

BETRE SAMANHENG CAMPUS OG SENTRUM



- Tiltak langs eksisterande vegruter: Trolladalen og Fossvegen



- Fortetting med funksjonar som er med og gir opplevingar underveis på gateplan
- Mellombelse tiltak som utforskning av program
- Ta vare på eplehagen på Foss




BYMESSIG CAMPUS

- Campus har 5 angrepspunkt som manglar orientering, rådspørjing («henvendelse»), informasjon og identitet.
- Hovudinngangane bør utviklast som inngangsportalar som fangar opp alle bevegelseslinjer inn mot campus.
- Etablera infotorg med portalelement som er synlege, og opparbeida plassrom med «kiss and ride»/taxiholdeplass, sykkelparkering, møteplass og nødvendig informasjon for folk som er på besøk.
- Felles design på møblar og skilt for heile campusområdet.
- På lang sikt bør det oppførast signalbygg som kan ha form som «fyrtårn» som vil gi identitet til dei respektive inngangane.



BILTRAFIKK OG PARKERING

- Etablera eit bilfritt campus der det meste av parkeringa vert lagd under bakkeplan og køyring vert avgrensa til hovudinngangane.
- Tiltaket ovanfor vil frigjera mykje plass til bygging og annan uteaktivitet.
- Legga ned p-plassar som genererer mest interntrafikk.
- Live-oppdatering av tilkomst.
- På lengre sikt etablera ei gjennomgåande parkeringsløysing under bakkeplan og utvida kapasiteten i tilknyting til utbyggingsprosjekt.
- Sambandet Lunnamyri til Fjærlandsvegen må stengjast fysisk for gjennomkjøring.



BYROM



Funksjonsdelinga på campus er relativt ryddig, men framstår likevel uklar når ein går rundt til fots. Tilfeldig bygningsstruktur, utflytande byrom, topografi, få orienteringspunkt.


Laga ein strategi for meir definerte romforløp, skapa tydelege sambandslinjer og forsterka romma programmatisk gjennom å knyta namn, program og identitet/aktivitet til dei.

Avgrensa rom gjennom planting og mellombelse eller permanente strukturar


Å venda bygg mot plassane: på kort sikt gjennom å gjera mindre fasadeendringar og interiørmessige tiltak i eksisterande bygningsmasse og på lengre sikt fortetta rundt torg «både romlig, henvendelse og programmatisk».

Areala på bakkeplan bør ha ein utoverretta funksjon. Lukka eller avvisande fasadar vil fungera mot strategien sitt føremål.

Torga vil kunna ha ulike funksjonar i samband med kampar på Fosshaugane stadion og fungera som seremoniplassar, salsaområde etc.



Aktivitetsplassen - en plass med aktiviteter




Høgskuleplassen:
Den formelle plassen for taler og store anledninger

Høgskuleparken:
Studentlunden for avslapning, lesing, hygge og svermer

Innovasjonstorget:
Den felleske plassen for skiftende programmer
som utstillinger, events, messer, loppemarked og
konsertar.


ORIENTERING



Samanhengane og sambanda på campus framstår utsøydelege, og det er viktig å definera nokon klare orienteringslinjer gjennom området og forsterka desse programmatisk ved å knyta dei til aktivitetar og identitet som er forsterkande.

Skilting av inngangsportalane til torga og derifrå vidare til dei ulike aktørane på campus.

Foreslår etablering av tre strukturerande element: Kunnskapsdiagonalen fra Kvåle til Foss, innovasjonsringen og parkeringstunellen. Strukturane kan - i tillegg til å forsterka desse funksjonelt - også materialisera gjennom skilt, møblering, lyssetningsstrategi og bruk av element som lett kan kjennast att.



Kunnskapsdiagonalen: Knyter saman alle undervisningsinstitusjonane på Fosshaugane, og også dei viktige uteromma frå Høgskuleplassen, «Stripa», Aktivitetsplassen og leikeareala i nordvest. Nye undervisningsfunksjonar bør knytast til denne aksen for å oppnå synergieffektar gjennom fysiske møte og aktivitetar på tvers.

Innovasjonsringen: Bind saman dei fleste funksjonane for høgskulen, den vidaregåande skulen og næringsverksemndene. Ein kan oppnå synergieffektar gjennom å skapa tilknytingspunkt og fellesarenaer. På lengre sikt er det viktig å byggja opp under ringen sitt program. Spesielt vert gata langs stadion mellom inngangsportalen i Trolladalen og Innovasjonstorget viktig.




Samla tiltak på campus:



Aktivitetar som kan knyta Fosshaugane og sentrum betre saman


FØRESETNADER FOR UTVIKLING:



Eigedomsforhold: Få, men ulike aktørar som kan gjera det vanskeleg med eit fullintegrert driftssamarbeid. Samarbeid på enkeltområde er fullt mogeleg som drift av uteområde, deling av areal og funksjonar.





Program: Ved strukturering av området vil den programmatiske organiseringa gjerast tydeleg ved å forsterka clustereffekten. Samtidig vil det vera føremålstenleg å tilføra service og fellesverkstader til området. Ein vil tilrå at det vert utarbeidd ein plan for mellombelse tiltak i relativt nær framtid for å etablira tydelege konsept for orientering og lokalisering av framtidige bygg. Vidare er det viktig å få på plass retningslinjer for transformasjon og intern omorganisering av eksisterande bygningsmasse.



Det er identifisert fleire potensielle utbyggingstomter og bygg/område som ein i dokumentet foreslår vert bygde ut og transformerte. Tanken med ein prinsipp - og strategiplan er at denne skal vera fleksibel og at dei ulike prosjekta skal utviklast uavhengig av kvarandre og etter den enkelte eigar sitt behov. Planen skal følgjast opp kring ein overordna idé. Forslag til byggjetrinn er ei tenkt utviklingsrekkefølgje basert på analysen som ligg til grunn.

Byggjetrinn 1:




1 Innovasjonsbygget er under prosjektering og vil med si sentrale plassering ha ein viktig effekt på utviklinga av Fosshaugane ved at det vender seg mot plassering, og det har utoverretta funksjonar på bakkeplan på lengre sikt (ca. 2 200 m² - eigar Sogndal Fotball).

2 Gymnasbygget har gode sjansar for å tilføre Campus nye utoverretta funksjonar og møteplassar for kunnskapsdeling. Eigar HISF/Statsbygg

3 «Stripa» bør utviklast som ei intern gate med høve til opphold og sosialisering (eigar Sogndal Fotball).

Byggjetrinn 2:



1 Utviding av Sognahallen – handballarena vil vera strukturende på både parkeringsløysingar og samanbinding mot Aktivitetsplassen (ca. 3 000m² hall og 4 000 m² parkering - eigar Sogndal kommune/Sognahallen A/S).

2 Tribunebygget på Kvåle stadion kan erstattast med nytt og større bygg knytt til stadionfunksjonar (ca. 6 000 m² - eigar Sogndal fotball).

3 Tomt ved Ingafossen kan utviklast som signalbygg ved inngangsportalen som f.eks. studentbustader (ca. 4 000 m² - eigar Sogndal kommune).

4 Plassen ved Trolladalen kjem ikkje til sin rett og bør omdisponerast som utviding av vidaregåande skule og eit signalbygg (ca. 6 000 m² - eigar Sogn og Fjordane fylkeskommune).


5 Skotet – har stort potensial for forbetring og auka utnytting (ca. 6 500 m² - eigar Sognahallen A/S).

6 Guridalen – sjanske for studentbustader bør undersøkjast nærmare. Enkelte tomter står ubygde og har avgrensa verdi som ordinære bustader pga. dårlige sol- og tilkomstforhold (totalt ca. 4 600 m² - private eigarar).

7 Studenthus (Ciderhuset) som erstatning for Meieriet i sentrum. Studenthuset kan kombinerast med lager, utleige, verkstad for studentane. (ca. 2 800m² – Sogndal kommune, delvis bortfesta).

8 Fortetting langs Fossvegen for å knyta sentrum og campus betre saman.

Byggjetrinn 3:




1 Kvåle skule – utviding av skulen, symjehallen eller barnehage (ca. 2 500 m² – Sogndal kommune).

2 Svingen – nytt bygg gir høve til auka fortetting og utviding av p-kellarar. Bør sjåast i samanheng med å erstatta Guridalsbygget med tanke på felles garasjeanlegg (ca. 6 600 m² – Sogndal Fotball).

3 Guridalsbygget – vert føreslege erstatta med to fløyar over ein felles sokkeletasje over 1-2 plan. Sokkelen tek opp terrenget og gir høve til å byggja p-kellarar med tilkomst frå Guridalen. Fløyene sine opningar mot aust gir utsyn, medan sokkelen på bakkeplan er med og etablerer ein tydelegare gatestruktur (ca. 6 200 m² etappe 1 og ca. 7 000 etappe 2 – Statsbygg).

4 Studentbustader som transformasjon av eksisterande bustader (sjå totalsum tidlegare – private eigarar)

5 Studenthus som front ved tilkomst frå Fossvegen (ca. 4 300 m² – private eigarar).




Byggjetrinn 4



- 1 Lunnamyri 8-12 – transformasjon av bustader til campusrelaterte formål for å få ei klarare avgrensing av campus og høve til å binda saman heile kvartalet (ca. 19 200 m²).
- 2 Utviding av SVGS mot Trolladalen. To fløyer som kan knytast til eksisterande anlegg og tilbygg på nybygg (ca. 5 900 m² – Sogn og Fjordane fylkeskommune).
- 3 Trolladalen 20 -24 – transformasjon av bustader til campusrelaterte formål (ca. 5 300 m² – private eigarar).
- 4 Nytt Gymnasbygg som i større grad tek opp overordna strukturar og romlege element (ca. 4 300 m² – Statsbygg).

UTBYGGINGSPOTENSIAL INNANFOR FOSSHAUGANE CAMPUS:



Illustrasjonen viser:

- Byggefelt
- Eksisterende bygg
- Nye bygg
- 1 Byggetrinn 1
- 2 Byggetrinn 2
- 3 Byggetrinn 3
- 4 Byggetrinn 4

- Hovedeier
- Sogndal kommune
 - Sogn og fjordane fylkeskommune
 - Sogndal fotball
 - Statsbygg
 - Sognahallen
 - Andre, privat

(Illustrasjonen er ikkje verifisert og det er mellom anna meir sannsynleg at Sognahallen byggjer ut ny hall (nr.2) enn fylkeskommunen. I tillegg er det i teorien eit utbyggingspotensial med ein etasje på del av Linesbygget og SVGS nærmast Sogndal Stadion som ikkje er medrekna her).


Pårekna utbyggingspotensial på Fosshaugane vert då tilnærma:

Sogndal kommune	20 700 m ²
Sogn og Fjordane fylkeskommune	8 000 m ²
Sognahallen – utviding	8 400 m ²
Sogndal Fotball	15 400 m ²
Statsbygg	17 500 m ²
<u>Transformasjon av privat eigedom</u>	<u>36 200 m²</u>
Totalt utbyggingspotensial	ca. 106 000 m ²



Illustrasjon av prinsipiell utbygging på Fosshaugane. Rodeo Arkitekter AS.

REVIDERTE ILLUSTRASJONAR MOT AUST



I etterkant av Rodeo Arkitekter AS sitt oppdrag har det vore behov for å gjera nokre enkeltjusteringar for å tilpassa forslaga til behov for areal mot aust. Rodeo Arkitekter AS / Sogndal kommune.

10. HANDLINGSPLAN

Det er gjennom arbeidet med campusplanen identifisert fleire utfordringar og drøfta aktuelle tiltak som kan realisere desse verdiane. I dette kapitlet vert det føreslått ein plan for vidare arbeid. Temaval er eit resultat av prosessen med campusplanen,

FELLES PROFIL OG AUKA SAMHANDLING

Organisatorisk og økonomisk	Tiltak	Tidshorisont	Ansvar
	Vurdere samansettinga av eigargruppa (SISOF, private verksemder) Analysera barrierar for felles organisering og felles økonomisk handlingsrom. Eventuelt vedta mandat til å ivareta felles funksjonar og prosjekt Utgreia og gjennomføra ei felles struktur for IKT-løysing	2016 2016 2017	Eigargruppa v/SK Eigargruppa v/SF SF/ HiSF/ SFFK
	Utgreia og eventuelt innføra felles bookingløysingar Sikre felles fora for uteområda og parkering. Vedta mandat for gruppa som også inkluderer beredskap og krise handtering.	2018 2016	Eigargruppa Eigargruppa v/ statsbygg

Profilering	Tiltak	Tidshorisont	Ansvar
	Etablera ei felles nettside som linkar til alle aktørane og aktivitetar. Iverksette eit namne- og identitetsprosjekt.	2016 2016	SF Eigargruppa / SK
	Innovasjonssenter Plassering av studenthus	2016-2017 2016	SF SK/SISOF
	Skilt, møbel og designrettleiar for heile uteområdet for Campus.	2018	Eigargruppa Statsbygg / SFFK/SF
	Felles eller fleire definerte møteplassar	Kontinuerleg	Eigargruppa

FYSISKE TILTAK

Overordna utvikling	Tiltak	Tidshorisont	Ansvar
Campus og sentrum	Laga ein strategi for eigedomserverv og prosess for handtering av behov og prosjekt internt og eksternt Vedtak ny områdeplan, og som del av denne m.a. greia ut konsekvensar av auka funksjonsblanding på campus med omsyn til kommersielle funksjonar og auka integrering med Sogndal sentrum	2016 2017 -2018	Eigargruppa v/ SK SK
	Gjennomføre utbyggingar i samsvar med campusplanen/ny områdeplan Gjennomføra strategiske oppkjøp	Kontinuerleg Kontinuerleg	Eigargruppa Eigargruppa

Tilkomst og orientering	Tiltak	Tidshorisont	Ansvar
	Etablera signalbygg og profilerte møteplasser i samsvar med Campusplanen.	Kontinuerleg	Eigargruppa
	Iverksetja permanent skilting og faste orienteringspunkt	Kontinuerleg	Eigargruppa

	Ved byggeprosjekt må ein ha som mål å ikkje bygge barrierar som hindrar effektiv kommunikasjon og arealbruk i byggeprosjekt.	Kontinuerleg	Eigargruppa
	Bygningar plasserte ved dei 5 inngangspunkta er signalbygg og identitetsskapande for heile campus, m.a. nytt studenthus	Kontinuerleg	Eigargruppa

Grøn mobilitet	Tiltak	Tidshorisont	Ansvar
Trafikk og parkering	Innføra høgare avgift på bakkeparkering Fjerna parkering vest for Gymnasbygget Tilstrekkeleg omfang av korttidsparkeringsplassar	Kontinuerleg 2017	Eigargruppa SF/HiSF
	Utvikla gang- og sykkelinfrastruktur frå omlandet til Fosshaugane og internt Etablere fellesprosjekt for sykkelparkering.	Kontinuerleg	Eigargruppa SK/SF
	Byggja ut underjordisk parkeringsanlegg	Kontinuerleg	Eigargruppa

Rommeleg plan og bystruktur	Tiltak	Tidshorisont	Ansvar
	Utvikle ein fysisk omgjevnadar som stimulerer til sambruk, synergiar og innovasjon.	Kontinuerleg	Eigargruppa
	Etablera organiserande element som «Stripa» og Innovasjonsloopen Setja i gang aktivitetar på definerte møtepunkt som testlaboratorium	Kontinuerleg Kontinuerleg	Eigargruppa SF/HiSF/SFFK
	Byggja opp under omarbeidd («omforent») plan om utbyggingsstruktur	Kontinuerleg	Eigargruppa

Blå-grøne tiltak	Tiltak	Tidshorisont	Ansvar
Klimatilpassing, park og idrett	Kartleggja risikoområde for overvatt og høve til enkelttiltak med endra materialbruk eller planting Differensiera bruk av uteom til park/grilling, ballspel/leik og organisert idrett.	2017 Kontinuerleg	SK Eigargruppa
	Etablera grøne tak og fleire permeable overflater på uteom hjå aktuelle eigrarar	Kontinuerleg	Eigargruppa
	Energi prosjekt for heile bygningsmassen det studentane er delaktige.	Kontinuerleg	Statsbygg
	Utvikle innhald i miljøfyrtnstatusen.	Kontinuerleg	HISF/ SFFK

11. VEDLEGG

Stedsanalyse 09.09.2015, Rambøll AS.

Campus Fosshaugane Usability studie 30.06.2016, Narud Stokke Wiig

Reisevaneundersøkelse Fosshaugane Campus, 83/2015, Urbanet Analyse

Prinsipp og stategiplan, 02.12.2015, Rodeo Arkitekter AS.